

**OSLO SENTERPARTI SITT BYSTYREPROGRAM FOR
PERIODEN 2019–2023**



Senterpartiet

Innhald

Dette er Senterpartiet	3
Vårt Oslo	4
Kapittel 1 – Gode lokalmiljø og meir makt til bydelane	5
Kapittel 2 – Byutvikling med folk i sentrum	6
Kapittel 3 – Integrering og inkludering	9
Kapittel 4 – Tryggleik	11
Kapittel 5 – Kultur, idrett, frivilligheit og trussamfunn	13
Kapittel 6 – Helse og omsorg – sosialfagleg satsing no!	17
Kapittel 7 – Seniorpolitikk	19
Kapittel 8 – Barnehage, skule og AKS	21
Kapittel 9 – Arbeid og næringsutvikling	24
Kapittel 10 – Klima og miljø – eit grønnare Oslo	27
Kapittel 11 – Grøn samferdsel	28

Dette er Senterpartiet

Senterpartiet er eit grønt alternativ som vil samarbeide i samspel med miljørørsla, fagrørsla og andre folkelege rørslar. Vi er ideologisk forankra i trua på det frie, myndige mennesket, folkestyret og solidaritet med kommande generasjonar og medmenneska våre. Senterpartiets visjon for gode samfunn føreset ei rettferdig fordeling av ressursane i samfunnet nasjonalt og globalt. Senterpartiets politikk føreset at staten temmer marknadskreftene gjennom lovgiving og skattlegging. Det er summen av alt det vi gjer i fellesskap, og det vi gjer som enkeltmenneske, som avgjer om vi lukkast i å skape eit samfunn med grøne byar, levande bydelar og små skilnader. Senterpartiet jobbar for eit grønt, inkluderande og mangfaldig Oslo.

Vårt Oslo

Senterpartiet vil gjere Oslo til ein enda betre by å bu i for alle.

I vårt Oslo har alle tenester nær der dei bur, difor seier vi ja til å behalde Ullevål sjukehus og ja til Aker sjukehus.

I vårt Oslo skal alle ha moglegheit til å vere med på å bestemme over sitt lokalmiljø, og det finst bustader for alle lommebøker. Difor seier vi ja til bustader på premissane til innbyggjarane, ikkje dei som bygger ut.

I vårt Oslo kjempar vi mot sosiale skilnader, og for at alle skal bli inkluderte. Difor seier vi ja til lågare husleige i kommunale bustader, til fritidstilbod, til ryddig arbeidsliv og til integreringsdugnad.

I vårt Oslo bygger vi fleire grønne lungar, og held fjorden rein. Difor vil vi plante fleire tre, bevare grønne lungar og rydde fjorden for søppel.

I vårt Oslo skal det vere lett å velje utsleppsfrie transportmåtar, og Oslo skal vere verdslaiande i grøn omstilling. Difor seier vi ja til fleire kollektivavgangar, fleire ladarar for elbilar og betre tilrettelegging for gåande og syklende.

I vårt Oslo heiar vi på dei små og mellomstore verksemdene, dei som skapar og utviklar lokale arbeidsplassar. Difor seier vi ja til eit ulønt friår for kommunalt tilsette som vil starte opp eiga verksemd, og ja til kommunale næringsrådgivarar.

I vårt Oslo skal alle kjenne seg trygge. Difor seier vi ja til eit førebyggjande og meir synleg politi i lokalsamfunna.

I vårt Oslo skal dei tilsette få fridom til å vere fagfolk, ikkje fylle ut skjema. Difor seier vi ja til ei faktisk tillitsreform for tilsette i offentleg sektor.

I vårt Oslo skal elevar, pasientar og brukarar av kommunale tenester stå i sentrum, difor seier vi nei til kommersialisering av velferd.

I vårt Oslo tek vi vare på kulturarven, difor seier vi ja til å bevare Y-blokka og andre viktige bygg og kulturminne.

Senterpartiet bygger samfunnet nedanfrå. Difor vil vi flytte makt frå rådhuset og ut i lokalsamfunna, slik at innbyggjarane i Oslo får meir å seie over kvardagen sin. Slik vil Senterpartiet gjere Oslo til ein betre by å bu i.

Kapittel 1 – Gode lokalmiljø og meir makt til bydelane

Senterpartiet vil bygge samfunnet nedanfrå. Difor vil vi gi einskildmenneske og lokalmiljø i Oslo større innverknad på eigen kvardag. Vi vil flytte makt tilbake frå byråd og føretaksstyre til folkevalde i bydelane. Difor vil Senterpartiet la bydelsutvala disponere ein langt større del av budsjettet til kommunen, gi bydelane råderett i utbyggingsaker og ansvar og moglegheit til å finne gode lokale løysingar. Byen vår har, med si mangfaldige befolkning, alle moglegheiter til å bygge lokalsamfunn som skaper engasjerte, opplyste og tolerante samfunnsborgarar. Alle bydelane skal vere attraktive bustadområde og trygge stader å ferdast i. Nærleik gir betre innsikt og kunnskap for å finne gode løysingar. Desentralisering er verktøyet for å gi bydelane makt til å løyse eigne utfordringar.

Senterpartiet vil:

- gi bydelane meir reell makt og ansvar, inkludert budsjettmessig, i planarbeidet i byen, som arealplanar og kommunedelplanar, kultur, idrett og fritid og helse- og sosialpolitikk
- ved kontraktsutløp skal ein alltid vurdere å rekommunisere tenester som vert drivne av kommersielle aktørar, og gi bydelane større ansvar for desse tenestene. Velferdstenester bør drivast i kommunal eller ideell regi
- auke dei frie inntektene til bydelane slik at dei kan prioritere sjølve
- gå gjennom strukturen i kommunen med tanke på å redusere talet på føretak
- gå gjennom føremåla med dei kommunale føretaka med tanke på at dei er til for innbyggjarane og ikkje for å maksimere fortjenesta. Til dømes Boligbygg, som tek marknadspris for kommunale utleigebustader
- legge betre til rette for ad hoc-organisasjonar, nabolags- og velforeiningar, og for at desse blir viktige høyringsinstansar i saker som angår lokalmiljøet
- behalde det kommunale eigarskapet til infrastrukturen i Oslo, straum, eigedommar, vass- og avløpsnett
- når bydelane har fått meir makt og avgjerdsrett, bør bydelsutvalsleiarane vere ombodspersonar på fulltid og dermed bli frikjøpt

Kapittel 2 – Byutvikling med folk i sentrum

Gjennom FNs berekraftsmål har også Noreg forplikta seg til å føre ein politikk som gjer byar og busetnader inkluderande, trygge, motstandsdyktige og berekraftige. Dette inneber blant anna krav til trygge og rimelege bustader, tilgjengeleg og berekraftig transport, tilgjengelegheit for personar med nedsett funksjonsevne i tillegg til eldre, medbestemming, kulturminnevern, beredskap, risikohandsaming, luftkvalitet, avfallshandsaming, lett tilgjengelege grøntområde, inkludering og klimatilpassing. Senterpartiet vil legge slike premissar til grunn for utviklinga av byen.

Målet med byutvikling må vere gode nabolag og ei grøn byutvikling der bydelane blir utvikla heilskapleg med både bustader, arbeidsplassar, kollektivtilbod og rekreasjonstilbod. Gode nabolag må bevarast, og utvikling av eksisterande og nye nabolag må skje på innbyggjarane, ikkje dei som bygger ut, sine premissar.

Bustadbygging

Oslo er den største kommunen i Noreg målt i innbyggartal, det er prosjektert vidare vekst, og at bustadmarknaden er av stor nasjonal viktighet. Kommunen er sett under eit veldig press for å skaffe fleire bustader. Fleire unge vil flytte til Oslo, og fleire vil bu sentralt i hovudstaden. Færre familiar kjenner at det er plass til dei, og gode lokalmiljø blir lagde under press av dei som bygger ut. Oslo Senterparti ønsker å legge til rette for fleire bustader som er tilgjengelege for innbyggjarane uavhengig av lommebok, men vil ikkje kompromisse på høg bu- og miljøstandard og lokaldemokrati. Makt og avgjerder bør flyttast så nær dei det gjeld som mogleg, og samfunnsutvikling må skje på premissane til befolkninga. Vi meiner at folk si deltaking er nøkkelen til god byutvikling. Medverknad er demokrati i praksis.

Senterpartiet vil:

- auke graden av reell medverknad for bebruarane i Oslo. Medverknad i nye prosjekt skal starte før planleggings-, konsekvensutgreiings- og reguleringsarbeid vert gjort kjent, og vere dokumentert før oppstartsmøte blir halde
- at grundige konsekvensutgreiingar skal utførast før avgjerder vert tekne om større endringar. Nye prosjekter skal bli tilpassa eksisterande bumiljø
- sørge for at vedtak som er gjorde, blir følgde opp slik at intensjonane i reguleringsplanen blir etterlevde av utbyggaren
- stoppe den planlagde utbygginga på Smestad, og ta ut utviklingsområde av kommuneplanen som inneber øydelegging av eksisterande gode nabolag som Borgen, Montebello, Nydalen Vest, Røa/Hovseter, Ulsrud og andre
- at også grupper som elles ikkje slepp til på grunn av språkvanskar e.l., skal bli høyrde
- sørge for meir politisk styring av Plan- og bygningsetaten
- ha ein arealplan som sikrar eit framleis mangfaldig næringsliv
- omregulere ledige kontorbygg til bustad, kultur- og frivilligheitsføremål og legge opp til at dei som bygger ut bustader, bør nytte ferdig regulerte, ubygde ledige areal som kan nyttast, før andre allereie bygde område får grønt lys til utbygging
- opne for at kommunen sjølv kan drive utbygging i alle fasar

- stille krav til dei som bygger ut, om at nye byggeprosjekt bør innehalde både bustader og plass til å drive næringsverksemd i liten skala
- alltid vurdere ved nedlegging av drift om heile eller delar av kommunalt eller offentleg eigde lokale kan byggast om til bustader for studentar eller unge i etableringsfasen
- at Oslo kommune skal ta sterkare styring over utbygging i Oslo, mellom anna gjennom strengare krav til pris, kvalitet, areal mellom husa, støy, lys og plass inne i husværa. Det skal òg stillast krav til universell utforming ved nye bygg

Sosial bustadpolitikk

Bustadprisane i Oslo er svært høge, og bustadbygginga møter ikkje behovet til befolkninga i Oslo. Det er difor behov for fleire og rimelegare bustader i Oslo. Samstundes er krava til nye bustader svekte gjennom innføring av Tek17. Dette inneber òg svekking av krav til universell utforming. Oslo Senterparti krev ein meir aktiv kommunal politikk for bygging av rimelege kvalitetsbustader.

Sjølv om "eigarlinja" er viktig i norsk bustadpolitikk og Oslo Senterparti stiller seg bak denne, er det òg slik at ikkje alle kan eller vil eige eigen bustad. Vi meiner kommunen må gå i dialog med andre ikkje-kommersielle aktørar for å bygge opp ein leigemarknad som ikkje er basert på profitt.

Senterpartiet vil:

- utvide bruken av nye modellar for rimelege bustader, som kommunale allmennbustader og "leige-til-eige"-prosjekt som det i Hagegata
- samarbeide med kooperasjonar for å få opp talet på kommunale bustader
- vidareføre kjøp og bygging av kommunale bustader i alle bydelane utanom dei med størst sosiale utfordringar
- sette ned leiga på kommunale bustader, sette eit tak på utbytte som vert teke frå Boligbygg, og bruke meir av midlane på opprusting av eksisterande kommunale bustader
- styrke Husbanken og tilskotsordningar for tilrettelegging av eksisterande bygg

Sosial byutvikling

Oslo er ein by med store sosiale skilnader og utfordringar. Desse utfordringane må takast på alvor. Grupper og einskildpersonar som har falle utanfor samfunnet eller er nye i Noreg, må integrerast og få moglegheit til å oppnå det fulle potensialet for seg sjølve, for dei næraste og for samfunnet.

Senterpartiet vil:

- ha bemanna bustader for folk som treng det
- innføre, eventuelt vidareutvikle, refusjonsordningar for idrettslag og foreiningar i utsette bydelar/område av Oslo, slik at medlemmer ikkje treng å betale medlemskontingent for å delta
- legge til rette for betre spreing av sosialbustader ved å ikkje ha heile blokker med sosialbygg, men heller einskilte husværa, og ha sosialbustader over heile kommunen

Single og aleinebuarar

Rundt halvparten av husstandane i Oslo består av aleinebuarar. Kvinner er ifølge SSB overrepresenterte på fattigdomsstatistikken for Oslo. Kostnadene for bustader er no så høg at mange av dei einslege ikkje har råd til å skaffe seg eigen bustad. Senterpartiet ønsker nye grep for å gi alle ein trygg heim uansett status. No betalar einslege dei same kommunale avgiftene til vatn, avløp og renovasjon som storfamiliane. Fastavgifta på straum er også den same for alle. I sum har aleinebuarar høgare levekostnader per person enn gjennomsnittet. Oslo kjem aller dårlegast ut her.

Senterpartiet vil:

- innføre kommunale avgifter på vatn, avløp og renovasjon etter forbruk, ikkje etter bustadareal
- jobbe for lågare kommunale skattar og avgifter for aleinebuarar
- utarbeide ein handlingsplan som vil gjere situasjonen for aleinebuarane betre
- arbeide for å senke fastavgifta på straum for einpersonshushald

Kapittel 3 – Integrering og inkludering

Integrerings- og inkluderingspolitikken til Senterpartiet kombinerer openheit og ansvar. At menneske frå andre delar av verda kjem til Oslo og vil bu her, er bra, for det bidreg til å utvikle Oslo og til auka mangfald og kultur.

Men det krev at vi lukkast med integreringa, og at folk får høve til å komme seg ut i jobb. Elles risikerer vi at skilnadene i Oslo aukar endå meir enn det dei er i dag, og at vi får parallelle samfunn.

For oss er det sjølvsagt at alle skal ha same moglegheit til utdanning, ein trygg bustad og ein jobb. Då må vi satse på langsiktige løysingar for integrasjon, som gratis kjernetid i barnehage og SFO, rimelege kommunale utleigebustader med høve for leige-til-eige-ordningar, effektiv arbeidsformidling i samarbeid mellom kommunen og næringslivet, samarbeid med frivilligheita og rask avklaring av kompetansen til dei nykomne for å kople dei saman med arbeidsgivarar eller vidare utdanning for å bli kvalifisert.

Kommunen kan gjere mykje for å forbetre integreringa, men kan og bør ikkje gjere alt. Det finst mange lag og foreiningar som kvar dag gjer ein fantastisk innsats for integreringa. Språk og aktivitet er nøkkelen for betre integrering frå ung alder og vil fungere som eit preventivt ledd i arbeidet mot gjengar og gjengkriminalitet. Det må kommunen aktivt støtte opp under. Lag og foreiningar er for det meste baserte i lokalmiljøa, og det vil gjere det lettare å komme inn i det lokalsamfunnet ein buset seg i. Det vil vere eit gode både for dei som kjem inn, og for dei som allereie bur der. At ein blir kjend med kvarandre, er den beste måten å integrere på.

Senterpartiet ønsker å minske dei sosioøkonomiske skilnadene mellom folk i Oslo. Å sjå mangfaldet som ein ressurs framfor som ei utfordring, gi meir ressursar og moglegheiter til lokalsamfunna i Oslo og trekke frivillige organisasjonar inn i integrasjonsarbeidet, vil gi innbyggjarane meir makt over eigen kvardag, eit levande lokalmiljø med betre integreringstenester.

Oslo Senterparti ønsker å bruke avdeling B Oslo kretsfengsel, som har blitt stengt, til eit integreringshus som kan løfte Grønland. Vi meiner staten må stille bygget til disposisjon for Oslo kommune. Døme på aktivitetar som kan vere ein del av tilbodet, er idrett, kultur, politisk aktivisme og debatt, frivillig språkopplæring og frivillig arbeid, i tillegg kan det vere oppstartslokale for relevante smågründerar i ein planleggingsfase. Reintegrering for innsette som er ferdige med soninga, kunne også vere ein passande aktivitet i Botsen. Aktivitetane i huset skal fungere som møtestad på tvers av tru, klasse, etnisitet og andre gruppetilhøyrslar. Kriterium for verksemder som skal etablerast, må vere at dei bringar ulike grupper saman i felles prosjekt som reflekterer den samansette befolkninga i bydelen.

Senterpartiet vil:

- styrke rolla til lokale lag og foreiningar i integreringa
- ha ei høyring med brei forankring blant organisasjonar med kulturell og religiøs tilknytning til islam og norske muslimar. Høyringa må involvere brukarane av imamtenesta, og eit mål for høyringa må blant anna vere å finne

vegen vidare for prosessen og i kva grad det skal etablerast eit utval for imamutdanning i Noreg

- satse meir på fritidsaktivitetar for unge, særleg i område med høgare tettleik av familiar med dårleg økonomi
- arbeide for eit integreringshus i Botsen. Styrke tilbodet om morsmålsundervisning
- auke satsinga på kompetansekartlegging og godkjenningsordningar av utdanning og realkompetanse frå utlandet for både nykomne asylsøkarar og innvandrarakar, i tillegg til dei som har kome tidlegare, men ikkje har hatt sjansen til å få kompetansen sin godkjend i Noreg
- styrke satsinga på kommunale sommarjobbar for Oslos ungdom, spesielt i utsette bydelar

Einslege mindreårige asylsøkarar

Mange einslege mindreårige asylsøkarar forsvinn kvart år frå norske mottak, fleire av dei i Oslo. Mange hundre born har forsvunne frå norske asylmottak berre sidan 2007. Ingen veit sikkert kvar dei har blitt av. Som born har dei rettar som norske styresmakter må sikre. Det er grunn til å frykte at fleire kan vere offer for menneskehandel.

Senterpartiet vil:

- intensivere innsatsen mot at einslege mindreårige asylsøkarar forsvinn frå mottak
- intensivere innsatsen for å finne og hjelpe einslege mindreårige asylsøkarar som har forsvunne

Kapittel 4 – Tryggleik

Trygge nærmiljø i Oslo er ei kjerneoppgåve. Ingen skal trenge å vere uroleg for å gå heim på kveldstid, for at eigne born og ungdommar blir dregne inn i gjengmiljø, eller for at politiet ikkje skal makte å nedkjempe kriminalitet i lokalsamfunnet.

Det aller viktigaste for å bygge trygge lokalmiljø er å legge til rette for fellesskap, ikkje utanforskap. Foreldre, foreldreutval, bydel, frivillige organisasjonar, skule og andre må samarbeide for å inkludere born og unge. Politiet er ein viktig partner i dette. Politi og rettsvesen må ha ressursar til å jobbe lokalt med førebygging saman med andre tenester, og til å stoppe gjengkriminalitet gjennom raske og tydelege reaksjonar.

Eit trygt nærmiljø handlar også om at skule, helse- og omsorgstilbod og dei sosiale tenestene er lett tilgjengelege og har den kvaliteten som vi forventar i Noreg. Trygge nærmiljø er ei kjerneoppgåve som må løysast kvar dag, kvart år. Då trengst det vilje til å prioritere sentralt og fridom til å utforme løysingane lokalt.

SALTO-prosjektet er eit godt samarbeid mellom politiet og Oslo kommune. Dette inneber samarbeid på bydelsnivå mellom bydel, politi, skule, NAV og andre relevante instansar om lokale førebyggingstiltak. Bydelane må få ressursar til å ta leiartrøya i dette arbeidet.

Senterpartiet vil:

- legge til rette for arbeidet til foreldreutvala i bydelane
- støtte Natteravnene økonomisk og organisatorisk
- seie nei til permanent væpning av politiet i Oslo
- at SALTO-prosjektet bør førast vidare og styrkast. Politi, domstolar og konfliktråd og delar av sosialtenestene bør samarbeide tett for å stå til teneste og reagere raskt når noko skjer
- sette inn fleire vektarar i kollektivtrafikken, betre belysninga og bruke kameraovervaking der det er nødvendig
- at dei som jobbar i velferdstenestene, må sikrast eit kontinuerleg kompetansepåfyll om æresvald og seksuelle overgrep
- satse breiare på kriminalomsorga med omsyn til kvalitet, bemanning og rehabilitering. Om vi skal ha eit berekraftig samfunn, må også dei innsette vere i stand til å møte samfunnet etter soning – difor trengst det god oppfølging og tilstrekkeleg med fagpersonell
- synleggjere politiet. Vi vil etablere fleire faste politistasjonar i byen
- som ein del av førebyggjande arbeid mot gjengkriminalitet vil vi styrke fritidsaktivitetstilbodet for born og unge. Fritidsklubbar må sikrast økonomisk føreseielegheit
- at førebyggjande tiltak må få verke over tid, og at tiltak som fungerer, blir haldne i gang
- sikre kompetanse om risiko for å bli utsett for vald i sårbare grupper, som for eksempel LHBTI-personar
- at dei same politimanskapa skal vere til stades i utsette område over tid og på denne måten opparbeide lokalkunnskap, bygge nettverk og tillit hos innbyggjarane. Det er ikkje nok å sette inn stort mannskap når det har skjedd

noko alvorleg, og sidan trekke dei ut når media har begynt å fokusere på andre saker

- at politi og barnevern skal vere synleg for ungdommen i situasjonar der det ikkje er høgt konfliktnivå. Terskelen blir høg for å ta kontakt dersom politi og barnevern vert oppfatta som folk som berre kjem når alarmen går. Politi og barnevern kan bygge tillit til dømes ved å komme på skulen for å fortelje kva dei driv med, vere til stades på fritidsklubbar etc.
- jobbe for fleirårige avtalar mellom Oslo kommune og staten, etter inspirasjon frå Falkenberg-modellen, der kommunen forpliktar seg til å jobbe for fastsette mål, og staten i sin tur sørger for delfinansiering av tiltak
- legge større vekt på aktivt samarbeid mellom politi og foreldre i eit førebyggjande perspektiv
- at politifolk skal få drive politiarbeid, ikkje administrasjon
- utarbeide betre informasjon om evakueringsplan for befolkninga i Oslo, som tilfluktsrom
- jobbe for å renovere tilfluktsrom i Oslo
- utarbeide informasjon til befolkninga i Oslo i tilfelle straumbrot over tid, kutt i vassforsyninga etc.
- arbeide for tettare samarbeid mellom Forsvaret, helsevesenet, Sivilforsvaret, Politiet og Oslo kommune
- arbeide for tettare frekvens på beredskapsøvingar i Oslo mellom etatane som er nemnde over

Kapittel 5 – Kultur, idrett, frivillighet og trussamfunn

Kulturlivet i Oslo skal vere tilgjengeleg for alle og spreidd over heile byen. Eit rikt og mangfaldig kulturtilbod er avgjerande for at bydelane skal vere levande, inkluderande og attraktive lokalsamfunn. Senterpartiet vil ha eit lokalt kulturløft for nærmiljøa i Oslo. Det lokale perspektivet er ein grøn tråd i kultur- og frivilligheitspolitikken til Senterpartiet. Vi vil bruke ein større del av Oslo-budsjettet på kultur og frivillighet, og prioritere støtte til aktivitetar i, av og for nærmiljøa.

I bystyret vil Senterpartiet jobbe for ein kulturpolitikk som styrker dei kreative næringane og Oslo som turist- og konferanseby. Oslo skal vere ein ja-kommune for initiativ og engasjement. Samstundes er ein aktiv politikk for kulturminnevern og kulturformidling ein prioritet for oss.

Organisasjonane, idretten og trussamfunna er hjørnesteinar i oslokulturen. Dei er uavhengige aktørar og arenaar, uvurderlege samarbeidspartnarar og nødvendige korrektiv til det offentlege. Det gode samfunnet blir bygt nedanfrå, gjennom mange små og store nettverk. Eit sterkt sivilsamfunn er avgjerande for å bevare den høge gjensidige tilliten mellom einskildmenneske og grupper i byen vår. Store delar av kulturlivet blir bore av frivillig arbeid. Senterpartiet vil styrke dei frivillige og ideelle aktørane i Oslo, både i kulturlivet, velferdssektoren og den offentlege samtalen.

Sterkere frivillighet, breiare idretts- og ungdomstilbod

Lag, organisasjonar og idrettstilbod er viktige fellesarenaar på tvers av bakgrunn og levekår. Det lokale kultur- og fritidstilbodet, både i offentleg, privat og frivillig regi, er avgjerande for at Oslo skal vere ein bra by å vekse opp i, og gir eit viktig bidrag til folkehelsa i byen vår.

Offentleg støtte til idrett og frivillighet på alle nivå er ei investering i livsglede og gode nærmiljø. Oslo kommune skal aktivt støtte den organiserte idretten og tilby foreiningslivet føresetnader for å vekse. Oslo treng fleire idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og lokale aktivitetsområde, som kan nyttast av alle, uavhengig av alder og funksjonsevne.

Idretten og frivilligheita skal vere inkluderande for alle aldersgrupper, samstundes som ungdom også treng egne arenaar. Senterpartiet vil jobbe for eit breitt, oppdatert og tilgjengeleg ungdomstilbod i nærmiljøa. Både den kommunale innsatsen og dei ideelle og private aktørane trengst. Flest mogleg ungdomsarenaar bør vere gratis for alle.

Senterpartiet vil:

- auke det kommunale tilskotet til lag og organisasjonar, primært som driftsmidlar framfor prosjektmidlar, men stille krav til opne, rimelege og inkluderande aktivitetar
- styrke frivillighetssentralane i bydelane
- sleppe til barne- og ungdomsorganisasjonar i skulen og fritidsklubbane
- prioritere idretts-, kultur- og frivilligheitsanlegg i plan og bygningsarbeid
- prioritere utbygging av bad- og symjeanlegg og oppgradering av bystrendene
- gå i dialog med idretten om prioritering av arenaar for «nye» idrettar
- sikre alle bydelar midlar til å bygge ut og drifte fleire lågterskelanlegg for uorganisert idrett
- støtte arbeidet med skytebane for Nordstrand skytterlag

- bygge fleire utandørs treningsapparat og sørge for vintervedlikehald av utandørs idrettsplassar og aktivitetsområde
- satse på tilgjengeleg transport og turområde som er lagde til rette, og som sikrar alle oslofolk høve til friluftsopplevingar og mosjon
- tilpasse fleire uteområde til bruk for skaterar
- realisere planane om å bygge skøytehall på Valle Hovin
- styrke samarbeidet mellom skular og idrettslag
- styrke Marka-bygdene og Marka som tilgjengelege rekreasjonsområde, på premissane til bygdesamfunna
- vidareutvikle hestesenter/besøkgardar i Oslo
- sikre fritidsklubbar med breitt tilbod, moderne og trygge lokale for ungdom under 18 år i alle bydelar
- sikre gratis fritidsaktivitetar og lån av utstyr for born og ungdom i låginntektsfamiliar
- utvide tilbodet i AKS
- hjelpe barne- og ungdomsorganisasjonar med lokale og auka løyvingar

Friluftsliv

Urbaniseringa av Noreg vil bli sterkare i tiåra som kjem, og Oslo-området vil merke dette sterkt. Fleire vil dermed stå i fare for å miste ei direkte tilknytning til det haustingsbaserte friluftslivet, anten det handlar om jakt, fiske, bærplukking eller soppstaking. Senterpartiet ønsker å sikre at både dei som allereie bur i byen og dei som kjem til å flytte hit, tilgang på jakt, fangst og fiske.

Terskelen for å komme i gang med haustingsbasert friluftsliv er ofte høg for den urbane delen av befolkninga. Det må leggest til rette for å halda fram den gode aktiviteten som lokale jaktforeiningar driv innan opplæring og trening i etisk, sikker og human jaktutøving.

Senterpartiet vil:

- sikre elvane og bekkane i Oslo mot ureining og utslepp
- støtte opp under Oslo fiskeadministrasjons arbeid med fiskevatna i Marka
- sikre tilgang til fiskeplassar langs fjorden
- tillate jakt, hausting og rekreasjon i dei kommunale skogane i Oslo
- sikre at soppkontrollen kan halde fram med å hjelpe folk med å vurdere soppen dei har plukka
- sikre tilgang til å leige kommunale lokale til jegerprøvekurs
- sikre areal til skytebaner som ikkje er til sjenanse for omgivnadene
- sikre frisleppområde for hundetrening

Eit mangfald av arenaar, aktørar, arrangement og arrangørar

Oslo skal vere ein mangfaldig kulturby med både dei store institusjonane og dei mange små gruppene. Vi vil styrke samarbeidet mellom kommunen og dei mange nasjonale kulturinstitusjonane i Oslo. Samstundes vil Senterpartiet at det skal vere enkelt også for lokale eller mindre arrangørar å gjennomføre kulturarrangement. Det skal vere lett å fylle ut søknader. Sakshandsaminga skal vere transparent og smidig å følge elektronisk.

Tradisjonelt har skulen vore ein viktig fellesarena og samlingsstad for lokalmiljøa. For Senterpartiet er det viktig å halde fram og styrke denne tradisjonen. Alle nye skular må

byggast som universelt utforma fleirbruksanlegg, og sikre gratis eller rimelege utleigelokale for kulturutøvarar og frivillig sektor i alle bydelar.

Senterpartiet vil ha fleire forfattarar, biletkunstnarar, filmskaparar og musikarar i Oslo! Ingen annan norsk kommune har betre materielle og strukturelle føresetnader for å utøve og skape kunst, eller skape nye kulturarbeidsplassar. Kunsten skal vere fri for politisk styring, men det er eit politisk ansvar å gjere det attraktivt og inspirerande å skape og formidle kunst og kultur i Oslo og å bidra med atelier.

Folkekyrkja og andre trussamfunn er hjørnesteinar i livet for mange oslofolk. Senterpartiet vil styrke dialogen og samarbeidet mellom kommunen og trussamfunna, og styrke arbeidet for religionsdialog. Kyrkjebygga og synagogen i Oslo er både bruksbygg og eineståande kulturminne, samstundes som moskear er i ferd med å bli ein naturleg del av bybiletet. Senterpartiet vil ta igjen vedlikehaldsetterslepet for kyrkjene i Oslo i løpet av ein åtteårsperiode og bidra til at alle trussamfunn har lokale etter behov. Vi vil legge til rette for at det blir skapt arenaar på bydelsplan for interreligiøst samarbeid.

Biblioteka er viktige formidlarar av kunnskap og kultur, samstundes som dei er viktige demokratiberarar gjennom open tilgang til informasjon. Senterpartiet vil sikre Deichmanske bibliotek midlar til å styrke og modernisere bibliotektilbodet i heile byen. Det føreset ein framleis desentralisert bibliotekstruktur, der filialane også er lokale litteraturhus og møtestader. Bibliotektilbodet skal vere gratis for alle.

Mange oslofolk er innflyttarar frå andre delar av Noreg, Europa og verda. Samstundes har fleire tusen innbyggjarar røter i Noregs urfolk, samane, eller i ein av dei nasjonale minoritetane våre. Senterpartiet står for ein kulturpolitikk som gjer dette mangfaldet meir synleg i bybiletet, organisasjonslivet og kulturtilbodet.

Senterpartiet vil:

- sikre betre koordinering mellom kommune, næringsliv og festivalaktørar
- at kommunen stør opp om små kulturfestivalar, nasjonaldagsfeiringar og andre opne arrangement i regi av minoritetsorganisasjonar
- auke stønaden til aktørar som Samisk hus, Jødisk Museum, Nynorskens hus og andre arenaar som synleggjer mangfaldet i hovudstaden
- sikre universell utforming av alle kulturarenaar
- sikre at det finst arenaer for ikkje-organisert aktivitet og spontane møtestader i alle bydelar
- sikre rimeleg transporttilbod til kultur- og fritidsaktivitetar for bebuarane i Marka-bygdene
- jobbe for fleire møtestader for unge LHBTI-personar med ulike funksjonshinder, i heile byen og særleg i ytre by
- tilby rimelege lokale/atelier for kulturutøvarar i alle bydelar
- styrke Den kulturelle skulesekken
- auke kapasiteten i musikk- og kulturskulen og sikre lokale i alle bydelar
- sikre at skulekorpsa i byen framleis kan øve og lagre instrument på skulane
- greie ut korleis kommunen best kan sikre lokal talentutvikling, lokale dramatilbod for born og unge og Oslo-orienterte teateroppsetjingar, gjennom eiga teaterdrift via Oslo Nye Teater, ei tilskotsordning eller på andre måtar
- halde oppe og bygge ut den lokale bibliotekstrukturen og gjere biblioteka meir tilgjengelege gjennom romslege opningstider

- sikre regionale filmmidlar
- arbeide for alternativ til å legge ned kyrkjer i Oslo, særleg kyrkjene i Groruddalen
- bidra til at det blir sett av tilstrekkelege areal til religiøse bygg og gravplassar i reguleringsplanar
- sikre at skuleelevar som ønsker det, får låne lokale til andakt eller andre religiøse aktivitetar
- vidareføre og styrke ordninga med sjukeheimsprestar, og sikre tilbod om samtale med tilsvarande personale for sjukeheimsbebuarar med andre livssyn
- styrke debatten og informasjonen om Oslo-politikken gjennom ein eigen pressestønad for lokalaviser i Oslo

Ein aktiv politikk for kulturminnevern og kulturformidling

Oslo har tusenårige røter, samstundes som byen har gjennomgått og stadig gjennomgår store endringsprosessar. Kunnskap om historia er viktig for å bygge lokal identitet og nye fellesskap i ein by med mange innflyttarar. Kulturminne og synleg historie kan bidra til lokalt engasjement og aktivitet og stimulere næringsutvikling. Senterpartiet vil styrke kapasiteten til Byantikvaren og auke stønaden til lag og organisasjonar som arbeider med kulturminne i Oslo.

I 2024 skal vi feire 400-årsjubileet for flyttinga av byen frå det vi i dag kjenner som Gamle Oslo til området rundt Akershus festning. Vi vil prioritere midlar til å sette i gang ei rekke tidlegare vedtekne tiltak i mellomalderbyen, som vernebygg og rehabilitering av ruinar, gjenskaping av Oslo torg og tydeleggjering av dei opphavlege gateløpa.

Senterpartiet vil:

- sikre gratis inngang til museum på dagtid for skular og barnehagar
- jobbe for bydelsvise kulturminneplanar som inkluderer bydelsutvala, næringslivet og lokale lag og organisasjonar i ein verne- og formidlingsdugnad
- årleg auke løyvingane til kyrkjevedlikehald og ta igjen vedlikehaldsetterslepet
- ha ein aktiv utsmykkingspolitikk for byromma i Oslo, i dialog med lokale kunst- og kulturmiljø
- auke sakshandsamingskapasiteten hos byantikvaren og få ned sakshandsamingstida
- seie nei til riving av kulturhistorisk verdifulle bygg
- styrke Oslo byarkiv gjennom auka midlar til innsamling, bevaring, digitalisering og formidling
- arbeide for eit partnerskap mellom kommunen, frivilligheita, lokalt næringsliv og gardeigarar om sterkare synleggjering av lokalhistoria i alle bydelar
- støtte foreininga Middelalder-Oslos forslag til eit program for skilting og gjenskaping av delar av det mellomalderske hamnemiljøet ved vasspegelen i Middelalderparken
- arbeide for at Nasjonalgalleriet blir teke vare på som kunstgalleri
- bidra til at utbygginga av Vikingskipshuset på Bygdøy blir gjennomført
- bidra til oppfølging av Stortingets vedtak om eit permanent museum for Dei kongelege samlingar
- bevare Tollbugata 10, den gamle krigsskulen

Kapittel 6 – Helse og omsorg – sosialfagleg satsing no!

Ei velfungerande kommunehelseteneste er viktig for å møte behova for helsehjelp i befolkninga. Store delar av helseproblema vi opplever i dag, kunne vore unngått gjennom førebyggjande tiltak. Vi vil at behandling skal bli tilbode nærast mogleg heimen til pasienten og lokalsjukehusa. Vi er difor mot nedlegging av lokalsjukehus i Oslo. Ei ny organisering av sjukehusa må føre til at ein mindre del av ressursane blir nytta til administrasjon, og ein større del til pasientretta verksemd. Vi vil også gi tilsette i helsesektoren større tillit. Det er menneska som jobbar med folk kvar dag, som best veit kva som trengst i kvardagen.

Oslo Senterparti ønsker at born, uansett familiesituasjon, skal oppleve ein trygg og varm oppvekst. Difor vil vi at institusjonane som arbeider med born, skal lytte til born i større grad enn det som er tilfellet i dag. Gjennom direkte tilbakemeldingar frå born både i skulen, psykisk helsevesen og barnevernet vil vi sikre oss at tenestene tilbyr relevant hjelp for born og ungdom. Frå nyttår vert pakkeforløp for born og unge i psykiatrien innført. Vi vil sikre at fokuset ikkje vert dreidd over på setting av diagnosar, men blir verande på det som er best for barnet også i det nye systemet. Senterpartiet ønsker å flytte fokuset vekk frå ei evaluering av barnevernet berre basert på planar, tal og tempo og i staden sette fokus på at alle born opplever nærleik og relevant hjelp i systemet.

Senterpartiet vil:

- halde på og oppgradere lokalsjukehusstilbodet ved Aker og Ullevål, og seie nei til vidare utbygging av Rikshospitalet på Gaustad
- gi tilsette i helsesektoren større tillit. Vi må kutte unødvendig kontroll og dokumentasjon. Vidare må avstanden mellom politikarane, pasientane og dei tilsette på sjukehusa bli mindre, og dei tilsette må sjølv aktivt delta i avgjersler
- avvikle stykkprisfinansieringa og auke budsjettfinansieringa av helsetenester
- Innfase ein rett for kommunalt tilsette til lønt permisjon knytt til omsorg for gamle og sjuke foreldre, tilsvarande ordninga med inntil ti dagar lønt permisjon årleg ved barns sjukdom
- at born og unge med funksjonsnedsettingar vert sikra aktivitet og deltaking gjennom satsing på universell utforming av skular, fritidstilbod og kollektivtransport
- arbeidstidsordningar i helsesektoren må sikre omsyna til helse, velferd, likestilling og kvalitet
- sikre gode rammevilkår for sjukepleiartenesta. Hovudregelen skal vere faste, heile stillingar og å unngå uønskte deltidskontraktar
- heve kvaliteten og valfridomen på maten på institusjonar. Maten skal bli laga på kjøken på den einskilde institusjonen, og bebuarane skal ha meir enn éin rett å velje mellom til varme måltid
- ha eit kvalitetsløft i alle sjukeheimane ved å satse på matstell, fysisk aktivitet, fleire aktivitets-, kultur- og musikkopplevingar, og betre individuell kartlegging av interesser og vanar
- sikre drift av DUS – Den uavhengige sosialrådgivningen
- prioritere tiltak for å oppdage og motverke dårleg psykisk helse blant unge LHBTI-personar
- betre informasjon for å auke bruken av omsorgsløna og auke løyvinga

- satse på små, lokale einingar i sjukeheimsomsorga, parallelt med å styrke fagmiljøa
- tilby eit betre og meir fleksibelt transportsystem til eldre og funksjonshemma, som fleire TT-turar, Ruters aldersvennlege transport, tilbringartenester og liknande
- ha fleire sosialfaglege koordinatorar i bydelane, for å sikre heilskapleg oppfølging av menneske og familiar med varige og/eller alvorlege helseutfordringar
- at alle gravide må sikrast høve til å nytte jordmor i svangerskapsomsorga og i tida etter fødselen
- at kompetanse knytt til migrasjonshelse må inngå i utviklinga av gode kommunale helse- og omsorgstenester
- sikre meir støtte til krisesentera
- sette i gang prøveprosjekt med "varmehus" for ungdom der det skal vere rom for både fritidsaktivitetar og samtale med kvalifiserte vaksne
- involvere born i evalueringa av skulen, barnevernet og dei nye pakkeforløpa innanfor psykisk helse
- opprette psykiatriambulansar i Oslo og avslutte praksisen med at politiet transporterer psykisk sjuke
- sette ein open time på timeplanen i vidaregåande skule slik at elevar får tid til å bli kjende og snakke om viktige emne som ikkje blir dekt av dagens læringsplanar
- sikre at born får vere med og bestemme kva som skal utgreiast ved tilvising til psykolog. Mindre fokus på kva diagnosar som blir sette, og meir fokus på kva hjelp barnet treng
- gjennom skuleløpet sørge for at alle som veks opp i Oslo, har tilstrekkeleg kunnskap om kva grenser vaksne må halde seg til, og kva tilhøve som er ulovlege
- endre evalueringsmetodane i barnevernet. Korleis borna opplever hjelpa og trygge rammer må vere det avgjerande, framfor fokus på diagnosesetting
- styrke helsestasjonane for born og unge med auka bemanning av både helse- og sosialfagleg personell
- oppretthalde Helsestasjonen kjønn og seksualitet
- sikre like tilbod uavhengig av kva bydel ein bur i
- styrke samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunalhelsetenesta, og sørge for ei god implementering av pakkeforløpa på kommunalt nivå

Rusomsorg

Alle rusavhengige har rett til eit verdig liv og den hjelpa dei treng. Det må vere enkelt å få hjelp, og hjelpa må vere tilgjengeleg når den rusavhengige sjølv treng ho. Skal det lukkast, trengst rausheit, tid, medmenneskelegheit og respekt. Vi må ha gode behandlings- og rehabiliteringsopplegg utan avbrot og lange ventelister mellom avrusing, behandling og oppfølging. Ideelle organisasjonar som driv rusomsorg i byen, er veldig viktige, og desse tilboda må styrkast.

Senterpartiet vil:

- at behandlingssinnsats innanfor spesialisthelsetenesta må følgast opp av ettervern og tilbod om bustad, sysselsetting, skulegang og nettverksbyggjande tiltak
- auke ressursbruken på lågterskeltiltak slik som feltpleiestasjonar eller andre lågterskel helsetilbod knytte til dagsenter, varmestover, sprøyterom og bustadtilbod

- gå inn for eit tidsavgrensa prøveprosjekt med heroinassistert behandling for dei hardast belasta narkomane, i kombinasjon med yrkestrening eller utdanning
- opprette eit kommunalt pårørandesenter for pårørande til rusmisbrukarar, med juridisk, medisinsk, sosialfagleg og psykologisk kompetanse
- sikre tilskota til Fransiskushjelpen, Frelsesarméens tilbod: Jobben og Fyrlyset, Kirkens Bymisjon og Blå Kors

Kapittel 7 – Seniorpolitikk

Eldre er einskildmenneske med ulike haldningar, interesser og livssyn. Alderdommen er like individuell som resten av livet. Senterpartiet vil bidra til at den eldste generasjonen har betre helse i fleire år, kan delta meir i samfunnslivet, og stå lenger i arbeid dersom den einskilde ønsker det. Vi vil jobbe for solidaritet og aktivitet på tvers av generasjonar i dei ulike lokalmiljøa. Senterpartiet vil satse meir på førebygging, rehabilitering og sosial deltaking enn i dag.

Heimeomsorga og sjukeheimsplassen skal vere der når du treng det. Omsorgsløysingane skal så langt som mogeleg bli tilpassa deg og dine, ikkje kommunen, marknaden eller systema.

Senterpartiet vil:

- samarbeide med bustadbyggelaga for å bygge fleire bustader tilpassa eldre, legge til rette for fleire bufelleskap og ta i bruk omsorgsteknologi
- utvide talet på timar eldre får til aktivitet frå heimetenesta
- legge til rette bygningar som gjer det mogleg for folk å bli buande så lenge som mogleg
- styrke transporttilbodet for heimebuande eldre, slik at eldre skal ha høve til å nytte seg av det rike kulturtilbodet i Oslo sentrum
- føre ein frivilligheitspolitikk som styrker aktivitets- og kulturtilbodet for eldre i lokalmiljøet som eit supplement til det kommunale tilbodet. Slike møtestader er også viktig for å motverke einsemd
- gi Det sentrale eldrerådet forslagsrett overfor bystyret, og tilsvarande for eldreråda i bydelane overfor bydelsutvala
- sikre god framkomme uavhengig av vêr og føre. Gonge er god mosjon og viktig for å halde seg ved god helse
- tilby alle eldre ein kartleggingssamtale om den einskilde sin sosiale situasjon, ressursar og behov ved fylte 75 år
- sikre dagtilbod til personar med demens i alle bydelar
- tilby faste pleiarar i heimebaserte tenester, og medbestemming over innhaldet i eldreomsorga
- styrke omsorgslønnsordninga og gjere ho tilgjengeleg for fleire. Her er det viktig med avlastningsordningar i samarbeid mellom kommunane, dei pårørande og brukarane sjølve
- satse på rehabilitering og tilpassa heimetenester
- kommunane skal tilby IKT-kurs til eldre
- starte opp prøveprosjekt med "fleirgenerasjonsbustader" der studentar tek på seg bestemte oppgåver mot avslag i husleige

Eldre innvandrere

Det finst få tilbod i regi av det offentlege som kan aktivisere og sosialisere eldre innvandrere. Der dei finst, har mange som kunne ha brukt dei, ikkje kjennskap til desse, eller dei kjenner uvisse rundt korleis dei skal nytte seg av desse tilboda.

Senterpartiet vil:

- gi meir stønad til dei innvandarforeiningane som har ulike tilbod og aktivitetstiltak for eldre
- sørge for møtestader i lokalmiljøet der eldre kan vere sosiale og delta i ulike aktivitetar i sitt nærmiljø
- etablere ein informasjonskanal der eldre kan ta kontakt, bli kontakta og få hjelp på sitt eige morsmål

Eldre LHBT-personar

I møte med heimetenester og andre tenester har mange eldre LHBT-personar valt å skjule legninga sin av frykt for å bli møtt med fordommar. Eldre LHBT-personar har opplevd diskriminering, og Oslo Senterparti meiner at LHBT-personar ikkje må oppleve å bli tvinga inn i skapet igjen i møte med helsetenester og andre tenester.

Senterpartiet vil:

- sørge for god informasjon til brukarane av kommunale omsorgstenester om at Oslo kommune står for openheit og toleranse for alle menneske, uavhengig av legning og kjønnsidentitet
- gi helse- og omsorgspersonell i Oslo opplæring og etterutdanning i LHBT-spørsmål
- bruke LHBT-organisasjonane aktivt i utviklinga av gode tenester for denne gruppa

Kapittel 8 – Barnehage, skule og AKS

Senterpartiet vil legge til rette for at alle skal få ein god og trygg oppvekst. Vi trur på førebygging og tidleg innsats for å førebygge, redusere og avhjelpe sosiale problem og skilnader på individ-, gruppe- og samfunnsnivå.

Barnehage

Senterpartiet ønsker eit breitt og mangfaldig tilbod av barnehagar over heile byen i ulike storleikar og med ulik profil. Vi vil at du skal ha høve til å velje ein barnehage nær deg. Både barnehagelærarar og sosialfaglege medarbeidarar er viktige, og vi må ha strenge krav til fagleg kompetente tilsette.

Born treng gode og stabile venemiljø, slik at dei får trygge nettverk og bygger identitet og tilknytning til lokalmiljø. Difor må planlegging av skulekrinsar og opptak til skule og barnehage i størst mogleg grad sjåast i samanheng.

Senterpartiet vil:

- redusere talet på barnehagar som driv på dispensasjon frå kravet om pedagogisk personale
- auke talet på sosialfaglege tilsette i barnehagane
- gi kompetansetillegg i løna for barnehagelærarar med mastergrad
- gå imot sal av kommunale barnehagar til kommersielle aktørar
- utvide bruken av gratis kjernetid
- innføre fortløpande barnehageopptak
- auke talet på styrarstillingar i barnehagar

Aktivitetsskulen (AKS)

Aktivitetsskulen er for mange born ein viktig sosialiseringsarena. Det er viktig at aktivitetsskulen ikkje er for dyr, slik at born frå låginntektsfamiliar også har høve til å delta.

Senterpartiet vil:

- ha søskenmoderasjon på aktivitetsskulen for familiar med fleire born
- auke moglegheita for halvdagsplass ved aktivitetsskulen
- at leiarar i aktivitetsskulen må ha formell pedagogisk eller barnefagleg kompetanse
- arbeide for å auke talet på faglærte i aktivitetsskulen
- auke finansiering til mat på AKS, slik at alle born her kan få god og næringsrik mat

Skule

Skulen er ein naturleg møtestad for heile lokalsamfunnet. Oslo Senterparti vil at skulen skal gi høve for den einskilde til å realisere sine evner gjennom kunnskap og dugleik. Skulen skal også vere eit sosialt og kulturelt «lim» i lokalmiljøet. Skulegangen skal i tillegg til å gi fagleg kunnskap, innehalde ei sosial og etisk opplæring. Skulen skal også vere ein arena som førebur elevane på arbeidslivet. Vi meiner fleirspråklegheit er ein ressurs og styrke. Difor vil vi at Oslo-skulane skal tilby morsmålsundervisning.

I grunnskulen vil Senterpartiet:

- gi lærarane tillit til å ta avgjerder sjølve i større grad enn i dag. Difor ønsker Senterpartiet ei tillitsreform i Oslo-skulen. Målet må vere at lærarar, pedagogisk personell og leiarar ved skulen skal ta fleire avgjerder sjølve
- betre skulebibliotektilbodet og betre samarbeidet mellom skulebiblioteka og dei kommunale biblioteka
- sikre ressursar til praktiske fag i skulen, som kunst og handverk og mat og helse
- få fleire ressurspersonar i skulen. Løyvinga til blant anna spesialpedagogar, lærarar og helsesøstrer må aukast
- fortsette å utvikle temaskular, i samarbeid med næringslivet, i tilknytning til klyngemiljø i byen
- tilby morsmålsundervisning til alle som ikkje har norsk som morsmål, og ikkje berre til dei som ikkje kan beherske norsk
- gjere rørsle og uteaktivitet attraktivt gjennom gode uteareal på alle skular
- halde på sidemålsundervisninga i Oslo-skulen
- bygge eit lag rundt eleven. Alle Oslo-skular skal ha sosialfagleg rådgivar, spesialpedagogisk rådgivar og tilfredsstillande helsesøsterdekning
- legge til rette for samarbeid mellom heim og skule ved å få i stand barnepass ved foreldremøte og aktiv bruk av tolkar ved behov
- trappe opp arbeidet med universell utforming av skulebygg
- sikre at spesialundervisning/opplæring ikkje blir gitt av ufaglærte assistentar, men av pedagogisk kvalifisert personale
- styrke PPT
- auke talet på kvalifiserte lærarar i skulen gjennom skjerpa krav til rekruttering før ein nyttar ukvalifiserte vikarar
- arbeide for trygge skuleveggar til og frå alle skular i Oslo
- innføre ein ny ressursfordelingsmodell for skulane. Legge vekt på faktiske driftskostnader ikkje tal på elevar
- at kvar skule skal ha ein lokal vaktmeister som høyrer til den einskilde skulen, og tenesta skal ikkje konkurranseutsetjast

I vidaregåande opplæring vil Senterpartiet:

- utvikle fritt skuleval og heller greie ut alternative modellar gjennom blant anna å greie ut moglegheiter for endring i inntakssoner
- støtte opp om vidareutvikling av entreprenørskap i skulen
- sette krav om maks 30 elevtimar per lærartime i vidaregåande skule
- vurdere å auke talet på dysleksivennlege skular
- styrke karriererettleiingstenesta i vidaregåande skule, slik at elevane møter rettleiarar som har oppdatert kompetanse om behova i det lokale næringslivet. Kunnskap om fagskuleutdanningane må særleg styrkast
- styrke innsatsen for fleire lærlingplassar på utdanningsprogram der det er eit auka behov for faglært kompetanse
- dimensjonere yrkesfaglege utdanningsprogram etter råd frå yrkesopplæringsnemnda og i tråd med tilgang på læreplassar og behov for faglært kompetanse
- styrke og framheve fagskulen som leverandør av relevant høgare yrkesfagleg utdanning

- kartlegge utstyrssituasjonen på dei yrkesfaglege studieprogramma i Oslo-skulen og oppdatere denne slik at opplæringa blir relevant for arbeidslivet
- legge til rette for god utvikling og fleire studieplassar ved fagskulane innan område der arbeidslivet har eit udekt kompetansebehov
- forskottere midlar til utviklinga av nye studietilbod på fagskulen, slik at fagskulen kan dekke behova i næringslivet
- ha eit mål om å inkludere fleire frå utanforskap til arbeid i kommunale verksemdar
- sikre elevane i byen lærlingplass blant anna ved å auke tilskota til bedrifter som tilset lærlingar

Minoritetar i skulen

Vi meiner at det er viktig med meir kontakt mellom storsamfunnet og minoritetar. Dette handlar ikkje berre om språkleg dugleik, men at ein blir kjende med kvarandre, lærer dei sosiale kodane til kvarandre, skapar toleranse og viskar ut fordommar.

Senterpartiet vil:

- jobbe for mindre segregerte skular i Oslo
- at Oslo skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for kommunane for auka integrasjon og formidling av fleire flyktningar til jobb

Kapittel 9 – Arbeid og næringsutvikling

Senterpartiet vil legge til rette for å skape fleire grønne arbeidsplassar i små og mellomstore bedrifter basert på gjenbruk, reparasjon og redusert forbruk. Oslo Senterparti vil satse på eit næringsliv som er inkluderande, blant anna gjennom å ta inn lærlingane i byen, gi praksisplassar til menneske som av ulike grunner ikkje kan stå i full jobb, og samarbeide med frivillig sektor for å skape eit meir humant arbeidsliv. Arbeid er ikkje berre økonomisk tryggleik for den einskilde, men ofte vegen til vellukka integrering. Vi veit at mange opplever å bli diskriminert på arbeidsmarknaden på grunn av etnisitet eller religion, og vi vil jobbe for eit inkluderande arbeidsliv.

Kommunen som arbeidsgivar

Senterpartiet vil:

- sørge for at Oslo kommune, som ein av landets største arbeidsgivarar, tar eit særskilt ansvar for likestillingsarbeid og antidiskrimineringsarbeid
- at tilsette i Oslo kommune som ønsker å starte eiga bedrift, kan få eitt års ulønt permisjon for å satse
- arbeide for redusert bruk av *new public management*-teknikkar i verksemdene til kommunen
- ha ein kommunal likelønspott
- sørge for at Oslo kommune legg til rette for heiltidsstillingar for dei som ønsker det, med heiltid som ein rett og deltid som ei moglegheit
- sette av særskilde midlar for å få arbeidstakarar i Oslo kommune til å stå lenger i arbeid, til dømes gjennom tilrettelagd arbeidstid og tilpassa eller nye arbeidsoppgåver
- tilby fleire sommarjobbar til elevar og studentar innanfor alle verksemdene til Oslo kommune
- etablere eit utdanningstilbod for personar som har ein annan språkbakgrunn enn norsk, slik at dei kan få godkjent kompetanseprov for utdanning frå heimlandet
- sikre fleire kvalifiserte tilsette med innvandrarbakgrunn i høgare stillingar i kommunen

Seriøst arbeidsliv

Senterpartiet vil:

- jobbe for å inkludere alle de som i dag er utanfor arbeidslivet
- stille krav om tariff løn, regulert arbeidstid og faste tilsettingar ved offentlege kontraktar og motverke sosial dumping gjennom å innføre prinsippet om solidaransvar for kommunen som byggherre
- sikre at offentlege innkjøparar tar i bruk standardkontrakter, særleg i utsette bransjar
- følge seriøsitetsføresegnene for bygg og anlegg
- ikkje berre legge avgjerande vekt på pris i anbod, men også legge vekt på andre kriterium som for eksempel kvalitet og seriøsitet. Sjekke at det ikkje er useriøse bedrifter når det er stor prisdifferanse mellom mottekne tilbod i anbodskonkurransar
- jobbe for at fleire bedrifter tilset folk med innvandrarbakgrunn

- løne bedrifter som jobbar aktivt for ein mangfaldig og inkluderande arbeidsplass
- motarbeide arbeidslivskriminalitet og støtte opp om tiltak som sikrar eit seriøst og organisert arbeidsliv, og særleg motverke at sjølvstendig næringsdrivande ikkje vert nytta der dei i realiteten fyller oppgåver som skal vere gjort av tilsette
- dersom det blir opp til kommune eller fylke, seia nei til sundagsopne butikkar
- ha eit ambisiøst mål om fleire lærlingplassar både i kommunale tenester, ved offentlege innkjøp og i Oslo totalt sett
- prioritere å ha ressursar til å kontrollere at aktørar som har fått anbod, følger opp vilkåra i konkurransegrunnlaget (for eksempel timar som skal vere utført av lærlingar)
- sørge for at kommunen stiller krav om openheit om skatt og eigarskap, gjennom å krevje land-for-land-rapportering og oversyn over eigarar for alle som deltek i offentlege anbudsprosessar

Gründerskap og næringsliv

Senterpartiet vil:

- bidra til at urbant landbruk kan bli næringsveg ved å legge til rette for bybønder
- stimulere til initiativ og skaparlyst i Oslo – la alle som har ein god idé og initiativ, møte opne dører og velvilje hjå offentlege styresmakter
- redusere det kommunale skjemaveldet og ha raskare sakshandsaming for næringsdrivande
- leige ut eigna kommunale lokale til under marknadspris til småbedrifter ved oppstart
- ha næringskonsulentar i bydelane som skal gi gründerar og andre små sjølvstendig næringsdrivande praktiske råd og støtte
- utvikle koplingar mellom kulturbasert næringsutvikling og reiseliv, til dømes gjennom å legge til rette for grøn bydelsturisme
- sørge for eit tettare samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og næringsliv
- legge til rette for eksportbedrifter, for eksempel ved å ha kommunale ressurspersonar som støtte, legge til rette for eksporthendingar, eller støtte kunnskapsdeling om eksport og handelsregelverk for verksemdar
- delta i internasjonalt samarbeid av relevans for næringsliv
- legge til rette for, og profilere Oslo for internasjonale investeringar og etableringar
- at Oslo kommune må samarbeide med næringslivet i innovasjonsprosjekt og utvikling av digitale verktøy og kompetanse i kommunen
- at Oslo kommune bør opne opp innovasjonsprosjekta i kommunen og fysiske område for næringslivet, slik at det blir etablert testarenaar for ny teknologi og brukarsnitt
- at Oslo kommune bør ta i bruk innovative offentlege innkjøp i heile kommunen, og gjennom dette etterspørje løysingar som fyller krav til kvalitet og effektivitet, i staden for å spesifisere sjølve løysingane
- at Oslo kommune må bruke sin omfattande eigarskap til å stille krav og dreie verksemdene sine over i berekraftig retning
- at Oslo kommune må vekte berekraft som tildelingskriterium ved offentlege anbod

- at Oslo kommune bør auke årlege kommunale midlar til Regionalt innovasjonsprogram (RIP) og auke makssatsane for prosjektstøtte for å stimulere til fleire større løft
- at Oslo kommune bør etablere ei konsentrert satsing på innovasjon og næringsutvikling innan helse gjennom ei satsing på klynger, inkubatorar og kommersialiseringsaktivitetar
- at Oslo kommune må gjere data som allereie eksisterer i det offentlege, tilgjengelege for innovasjonsføremål i langt større grad
- at Oslo kommune i langt større grad bør skaffe data frå eiga verksemd som i dag ikkje vert samla inn, og gjere dei tilgjengelege for næringsutvikling og innovasjon

Kapittel 10 – Klima og miljø – eit grønnare Oslo

Oslo skal vere ein leiande by internasjonalt i arbeidet med å gjere byar meir klima- og miljøvennlege. Oslo skal vere ein miljøvennleg by som tek omsyn til menneska som bur og lever her. Luftkvaliteten må bli endå betre, vi skal redusere svevestøvet, og vi skal ta vare på artsmangfaldet og særleg truga artar og ta vare på matjorda. Vår grøne profil er unik fordi den sikrar både menneske, artsmangfaldet, matjorda og klimaet, og det gjer vår politikk meir berekraftig og framtidsretta.

Det skal vere enkelt å velje miljøvennleg. Vi vil ta vare på grøntområda våre og ha lokal forvaltning av parkane. Redusering av klimagassutslepp må heile tida vere på dagsordenen, og vi vil ta dei nødvendige grepa for at Oslo skal vere eit førebilete for andre byar både i Noreg og internasjonalt når det gjeld miljø- og klimavennlege løysingar.

Senterpartiet vil:

- der det er mogleg, prioritere oppbygging av grøntareal framfor asfaltering
- halde oppe og styrke det biologiske mangfaldet gjennom å plante vekstar for pollinerande insekt i Slottsparken, på taket av Rådhuset og i resten av Oslo
- stanse nedbygging av grøntareal og matjord i byen. Når ein har eit nasjonalt mål om å auke matproduksjonen med éin prosent kvart år fram til 2030, tyder det at vi treng to millionar nye dekar med jordbruksjord. Det ville vore motstridande å bygge ned matjorda vår, til og med i byen
- frede kolonihagane, fornye avtalen deira med kommunen og legge til rette for å utvide eksisterande eller etablere nye kolonihagar
- kartlegge artsmangfaldet i Oslo og jobbe for å bevare truga artar
- bevare og verne Marka
- følge opp FN's og Noreg's mål om klimakutt og naturmangfald lokalt

Klima

- auke støtta til tiltak som reduserer energiforbruk, og som bidreg til bruk av meir miljøvennleg energi i bustader
- redusere klimagassutslepp i bygg. Ifølge FN's klimapanel er dette den mest effektive og lønsame metoden, difor bør det også vere eit fokusområde for Oslo
- fortsette å vere eit jordnært og klimavennleg parti; vi vil plante 1000 nye tre i indre by kvart år, og erstatte alle tre som blir felte, med nye
- at Oslo skal vere ein pådrivar for internasjonalt samarbeid der det kan vere felles løysingar på klima- og miljøproblem
- gjere alle kommunale bygg til lågenergibbygg
- bruke Oslo kommunes innkjøparkraft til å fremme grøne innovative løysingar

Kapittel 11 – Grøn samferdsel

Målet med samferdselspolitikken til Senterpartiet i Oslo er at folk skal komme seg effektivt fram på ein så miljøvennleg måte som mogleg. Kollektivtransporten skal bli utsleppsfri, det skal vere tryggare og enklare å vere fotgjengar i Oslo, og tiltak for sykling skal vidareførast. Det skal vere lett å ha elbil i Oslo. Frå 2025 skal alle nye bilar i sal vere nullutsleppsbilar, og Oslo skal halde fram med å vere verdas leiande by i omlegging til nullutslepp også for privatbilismen og varetransporten. Men samstundes må vi ta sosiale omsyn i omlegginga. Difor er Oslo Senterparti mot store endringar i bompengane ut over 2017-nivået og innføring av fleire bommar. Vi vil heller innføre vegprising som gir større fleksibilitet for å prise etter biltype, luftureining, faktisk køyring osv. Vi er ikkje imot forbetringane Oslopakke 3 skisserer, men mot finansieringa og at den auka betalinga for bilbruk kjem før alternativa til privatbilisme er innførte.

Oslo er ein kompakt by, noko som er eit godt utgangspunkt for at fleire kan bruke beina for å komme seg på jobb, til fritidsaktivitetar og ærend. Dersom det er godt tilrettelagt for fotgjengarar, vil det for fleire også vere mogleg å gå til næraste kollektivhaldeplass i staden for å velje bilen. I tillegg er det å gå fint for mosjon og rekreasjon. Oslo treng ei offensiv satsing for tilrettelegging for at fleire skal velje å gå.

Vi vil ha fleire bilfrie gater i Oslo, etter modell frå andre europeiske byar, der det blir lagt til rette gjennom å fjerne fortauskantar, merke sykkelstiar tydeleg og gjere det lettare å ta gatene i bruk. Det må også sikrast at varelevering kan gjerast enkelt, men annan transport og parkering vert flytta.

Senterpartiet vil:

Gonge

- ha ein heilskapleg strategi for gonge
- forbetre skilting av ruter, belysning, merking og sikring av fotgjengarovergangar og opphøgde gangfelt
- prioritere reparasjon av hol i vegen og særleg rydding av is og snø slik at gangvegane er trygge for alle
- generelt ha betre opplyste fotgjengarfelt

Sykkel

- at det må byggast samanhengande sykkelveggar i heile byen, frå alle bydelar og inn til sentrum og mellom bydelar. Ingen sykkeltrasear bør beleggast med brustein
- at område som i dag er svært folksame, som rundt Oslo S, kaiane og buss- og trikkestoppa ved Aker Brygge og andre større kollektivknutepunkt, må det prioriterast å rydde opp i, slik at det blir trygt for alle
- bygge trygge, inngjerda sykkelparkeringar ved knutepunkt
- bygge fleire sykkelstativ, også som har tilstrekkeleg plass til lastesykkel
- etablere låsbare ladeskap til lading av elsykkelbatteri

- betre tilgjengelegheita for bysyklar i Oslo ved raskare omdistribuering av syklane og høve til å reservere sykkel. Lastebilane som frakter bysyklane, må vere nullutsleppsbilar
- arbeide for trafikklys for syklistar og fokus på trafikktryggleik, samhandling og tryggleik i trafikkbiletet
- innføre opplæring i trafikksamhandling, sykkelkompetansebevis (som ein har på dei lågare skulestega) for å redusere ulukker

Kollektivtrafikk

- at all kollektivtransport i Oslo skal bli utsleppsfri, seinast i 2028, men tidlegare dersom teknologiutviklinga gjer det mogleg
- ha fleire ruter og område med 5-minuttarsavgangar
- at periodebillettar skal løne seg, men dersom kjøpet ditt av einskildebillettar i ein gitt periode blir dyrare enn om du hadde hatt periodebillett, skal billettappen til Ruter automatisk gi deg den billegaste reisa
- utvide familierabatten for born som reiser saman med vaksne, til å gjelde heile veka
- styrke kollektivtilbodet på tvers av Oslo og prioritere gode samband som bind byen saman utan at ein må via sentrum
- innfase nye trikkar raskt
- bygge trasé langs Ring 2, forleng trikken til Tonsenhagen og Hauketo og få trikken tilbake til Sagene. Arbeidet må starte opp innan 2023
- at arbeidet med ein ny T-banetunell må få høgaste prioritet, slik at byggestart kjem innan utgangen av 2024. Utbygginga må samordnast med ny jernbanetunell for å minimere konsekvensane for innbyggjarar og næringsliv
- gå imot nye nedleggingar av buss- og trikkehaldeplassar
- gjenopne Slottsparken haldeplass
- at regionbussar frå Nedre Romerike bør stoppe på Lillestrøm/Lørenskog og Helsefyr, og passasjerane fraktast vidare inn mot Oslo med lokaltog og T-bane for å redusere busstrafikken i sentrum aust
- gjeninnføre blant anna Schweigaards gate som miljøgate
- at T-banen bør gå med halvtimes ruter natt til laurdag og natt til søndag. Resten av veka bør trikkane køyre nattruter
- etablere eit fylkeskommunalt kollektivtrafikksekselskap som skal ta drift av den fylkeskommunale busstrafikken i eigen regi når gjeldande avtalar går ut

Varebil og tungtransport

- at dieselvarebilar må fasast ut av Oslo sentrum gjennom innføring av lågutsleppssoner. Nullutsleppsvarebilar skal ha unntak frå bompengar til dei utgjer halvparten av varebilpasseringane i bomringen, då skal dei betale 50 prosent av normaltakst
- vurdere å fjerne bompengar på all næringsaktivitet for å sikre at Oslo har eit konkurransedyktig næringsliv
- legge til rette for dedikert lading for elvarebilar
- at kommunen skal legge til rette for påfyllingsstasjonar for alternative drivstoff for tungtransport, som lading, hydrogenstasjonar, biodrivstoff og

biogass, og legge til rette for at all tungtransport innan 2040 er nullutsleppstrafikk

Nullutsleppsbilar

- lage ein heilskapleg ladestrategi for Oslo for å planlegge for ein fullelektrifisert transport både for personbilar, kollektivtransport, kommunale køyretøy, varetransport og anna næringsliv
- at Oslo blir den første byen i verda der alle nye bilar som blir selde, er nullutsleppsbilar
- etablere minst 1000 offentleg tilgjengelege ladepunkt for elbilar i året. Vurdere å innføre moderat betaling for å auke sirkulasjonen på ladeplassane, med moderat betaling for å betre tilgjengelegheita
- stille krav i reguleringsplanar om at bygg må gjerast ladeklare, slik at bebuarar enkelt kan sette opp ladeboks
- innføre krav i parkeringsforskrifta om at alle parkeringsplassar skal vere ladeklare, og at halvparten skal ha installert ladar
- styrke støtteordninga til burettslag og sameiger og garasjesameiger som vil legge til rette for elbillading for bebuarar, og opprette ei rådgivingsteneste for burettslag og sameiger
- at kommunalt tilsette som må køyre bil, bør kunne lade på jobb
- at bompengar for elbilar bør innførast gradvis. Elbilar skal ikkje betale 50 prosent av normaltakst før dei utgjer halvparten av personbilane i bommane
- at kommunen må vere med på å legge til rette tomter for hurtiglading for elbilar og hydrogenstasjonar

Veg

- nedprioritere den planlagde utbygginga av E18 til fordel for utbygging av kollektivtransport
- prioritere å ruste opp dei kommunale vegane. Det vil gagne både bilistar, syklistar og gåande
- bygge Fossumdiagonalen i tunell mellom Trondheimsvegen og Østre Aker veg og bygge Manglerudtunellen så snart som mogleg
- gå imot aukingar i bompengar og fleire bommar i Oslo. Gå i dialog med nasjonale styresmakter om å innføre ei meir fleksibel vegprising, slik at den einskilde betalar for faktisk bilbruk
- evaluere bilfritt byliv og vurdere andre tiltak enn å stenge gater for bilar, som fartsgrenser, fartshumpar og lysregulering som slepp få bilar inn om gongen

Parkering

- redusere betalinga for bebuarparkering frå 3000 til 1000 kr per år, og innføre moglegheit for halvårig bebuarparkeringsbetaling for 500 kr
- redusere parkeringsgebyret for gjesteparkering
- sørge for at det er tilgjengelege HC-parkeringsplassar i heile byen, også innanfor Ring 1
- legge betre til rette for parkering av MC og scooter
- vidareføre betalingsfritak for parkering for nullutsleppsbilar

- legge til rette for meir bruk av kollektivtransport ved å tilby gratis parkering ved transportknutepunkt i utkanten av byen og samarbeide med Akershus/Viken for at dei skal gjere tilsvarande

Taxi

- redusere talet på løyve i Oslo for å auke lønsamheita for dei som køyrer taxi i Oslo, og dermed også gjere det billegare for kundane
- la nullutsleppstaxiar få prioritet i køen på taxihaldeplassar
- at det skal vere mogleg å reservere ein nullutsleppstaxi hjå alle taxiselskap
- at alle drosjer som får løyve i fylket, skal montere alkolås

Bildeling og mobilitetsløysingar

- legge til rette for lading av elbilar på eigne parkeringsplassar for bildeling.
- greie ut moglegheita for å tilby mobilitetsløysingar for personar som vel å la sin private bil stå, etter modell frå København kommune

Hamn

- installere landstraum i hamnene og innføre utsleppsforbod frå skip som ligg til hamn
- prioritere dei beste segletidene inn til Oslo for skipa med lågast utslepp
- miljødifferensiere hamneavgifta for å premiere skipa med lågast utslepp
- vurdere maksgrense for talet på cruiseskip i Oslo per dag
- stille krav til den kommersielle skipstrafikken i Oslo om nullutslepp så snart den teknologiske utviklinga ligg til rette for det, både for hovud- og for hjelpemaskineri
- stoppe erosjonen i Oslofjorden ved å stramme inn krav til maks fart for store skip
- installere såkalla "sea bins" i båthamner og ved badeplassar og kaiar i Oslo for å rydde opp søppel